

Saksbehandlar: Ingeborg Lie Fredheim, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 19/9454-1

Ansvarleg lån til Opplæringsfartøy AS - utviding av låneavtale

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding slikt vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkeskommunen utvidar det rente- og avdragsfrie ansvarlege lånet til Opplæringsfartøy AS frå 1 mill. kr til 3 mill. kr, med gjeldande vilkår.
2. Låneavtalen for det samla lånet på 3 mill. kr gjeld fram til 31.12.2021. Ved ev. sal av fartøyet før denne tid, vil lånet krevjast tilbakebetalt.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å underteikne låneavtalen.
4. Utvidinga av lånet med 2 mill. kr må innarbeidast i budsjett 2019 i samband med tertialrapport 2/19.

Vedlegg:

1. Brev, datert 11.06.2019, frå Opplæringsfartøy AS til fylkeskommunen
2. Opplæringsfartøy AS - avtale om lenging av ansvarleg låneavtale, signert i mars 2017
3. Låneavtale mellom fylkeskommunen og Opplæringsfartøy AS, signert i juni 2010

Andre relevante dokument i saka:

1. FT-sak 37/18 Ansvarleg lån til Opplæringsfartøy AS – lenging av låneavtale
2. FT-sak 36/16 Ansvarleg lån til Opplæringsfartøy AS – lenging av låneavtale
3. FT-sak 37/10 Ansvarleg lån til Opplæringsfartøy AS

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Opplæringsfartøyet Skulebas skal i 2019 gjennom ei femårsklassing (hovudklassing). Fylkeskommunen mottok i juni 2019 brev frå Opplæringsfartøy AS om finansiering av klassinga, jf. vedlegg 1. I brevet viser dei til selskapet sin vanskelege økonomiske situasjon og ber om hjelp til:

- finansiering av klassinga
- auke av leigeinntektene for fartøyet.

2. Tidlegare politiske vedtak

Fylkestinget har tidlegare handsama følgjande saker om ansvarleg lån til Opplæringsfartøy AS:

- Juni 2010: FT-sak 37/10 Ansvarleg lån til Opplæringsfartøy AS.
Vedtak:
 1. Sogn og Fjordane fylkeskommune yter eit rente- og avdragsfritt ansvarleg lån på kr 1 mill. til Opplæringsfartøy AS for ein periode på inntil 6 år. Fylkesrådmannen får fullmakt til å fastsetje nærare vilkår for lånet og underskrive låneavtalen.
 2. Lånet vert finansiert over kapitalfondet.
 3. Leigeavtalen mellom Opplæringsfartøy AS og Sogn og Fjordane fylkeskommune vert forlenga med eitt år med gjeldande vilkår. Fylkesrådmannen får fullmakt til å underteikne avtalen.

- Oktober 2016: FT-sak 36/16 Ansvarleg lån til Opplæringsfartøy AS – lenging av låneavtale
Vedtak:
 1. Fylkeskommunen lengar låneavtalen for det rente og avdragsfrie lånet på 1,0 mill. kr til Opplæringsfartøy AS med to år, med gjeldande vilkår.
 2. Ved sal av fartøyet før 2018, vil lånet krevjast tilbakebetalt.
- Oktober 2018: FT-sak 37/18 Ansvarleg lån til Opplæringsfartøy AS – lenging av låneavtale.
Vedtak:

Fylkeskommunen lengar låneavtalen for det rente- og avdragsfrie lånet på 1,0 mill. kr til Opplæringsfartøy AS fram til 31.12.2020, med gjeldande vilkår. Ved ev. sal av fartøyet før denne tid, vil lånet krevjast tilbakebetalt.

Det har i nemnde saker vore lagt til grunn at opplæringsfartøyet er avgjerande for kvaliteten på praksisopplæringa for elevar i maritim opplæring i Sogn og Fjordane og at det difor er viktig å leggje til rette for ein stabil økonomisk situasjon for selskapet for å sikre drifta av fartøyet. Det har vidare vore lagt til grunn at det rente- og avgiftsfrie lånet er godt innanfor grensa for bagatell-messig støtte.

I FT-sak 31/18 Økonomiplan 2019-2022 vart det sett av ei løyving på 100 mill. kr ekskl. mva til nytt opplæringsfartøy. Fylkestinget handsama hausten 2019 eiga sak om nytt opplæringsfartøy, FT-sak 55/18. Fylkestinget vedtok i saka at fylkeskommunen skal investere i nytt opplæringsfartøy og at fylkeskommunen vert eigar av det nye fartøyet og vert ansvarleg for drifta av dette. Investeringsprosjektet er i gang og det vert arbeidd med mål om å få nytt fartøy på plass i 2021.

3. Vurderingar og konsekvensar

Fylkesrådmannen har over tid vore i dialog med Opplæringsfartøy AS om behovet for og finansiering av klassing av Skulebas. Det har vore einigheit om at klassinga i 2019 er naudsynt å gjennomføre, då ferdigstilling av nytt fartøy ligg for langt fram i tid. Skulebas må i 2019 gjennom femårsklasse (hovudklassing). Kor omfattande dette blir, eller kor store kostnadane blir, er usikkert.

Klassinga i 2014 hadde ein kostnad på kr 1 198 000,-. Frå Det Norske Veritas GL sin representant i Måløy er det antyda same kostnad pluss 30 % i 2019.

Fristen for å gjennomføre klassinga er november 2019. Det er rekneskapsmessig dei siste fem åra samla sett av ca. 1,2 mill. kr til klassing, men den likvide situasjonen til selskapet er ikkje slik at dei kan gjennomføre klassing utan økonomisk støtte. Rekneskapsmessig 2018 blei gjort opp med eit underskot på kr 244 000,-. Bankinnskott utgjorde 1,5 mill. kr, medan dei hadde 0,9 mill. kr i langsiktig gjeld. Styret har i budsjettarbeidet for 2019 gått nøye igjennom alle kostnader og ser det som umogleg å finne område der dei kan kutte ytterlegare. I brevet frå Opplæringsfartøy AS heiter det m.a.:

Skulebas er eit gammalt fartøy og kvart år oppstår det uforutsette skadar på utstyr og maskineri som det er umogleg å forutsjå. Drifta er intens innanfor ramma av den avtalen som er inngått. Mannskapskostnadane har auka noko etter at vi no har fått bemanningsoppgåve som viser tre-manns besetning. Tidlegare kunne ein flytte fartøyet til / frå verkstad o.l. med berre to. Alt dette teke i betraktning, og til tross for auka fangstinntekter i inneværande år, ser ein av dei siste års drift at driftsinntektene er for små i forhold til dei reellekostnadene, - og har vore det dei siste åra.

Som tidlegare, vurderer fylkesrådmannen opplæringsfartøyet som avgjerande for kvaliteten på praksisopplæringa for elevar i maritim opplæring i Sogn og Fjordane. For å sikre drifta av opplæringsfartøyet ser fylkesrådmannen det difor som viktig å leggje til rette for ein stabil økonomisk situasjon for selskapet. Ut frå den vanskelege situasjonen for selskapet ser eg det ikkje som realistisk at selskapet skal kunne finansiere kostnaden ved klassinga i 2019 med egne midlar. Slik klassekostnaden er stipulert vil utviding av det rente- og avdragsfrie lånet for selskapet med 2 mill. kr, med gjeldande vilkår, gje selskapet naudsynt likviditet til å gjennomføre klassinga. Med bakgrunn i framdriftsplanen for å få på plass nytt opplæringsfartøy, er det fylkesrådmannen si vurdering at det samla rente- og avdragsfrie lånet på 3 mill. kr bør gjelde fram til 31.12.2021.

4.Reglane om offentleg støtte i EØS

Utviding og lenging av rentefritt lån vil rammast av reglane om offentleg støtte i EØS, men dersom beløpet er bagatellmessig vil ein likevel kunne gje slik støtte. Føresetnaden for at ein kjem inn under

regelverket for bagatellmessig støtte, er at støtta ikkje overskrid 200 000 euro over ein periode på tre rekneskapsår, dette svarar til ei støtte på om lag 2,0 mill. kr.

Støtta må vere transparent, dvs. at ein må kunne rekne ut det nøyaktige støtteelementet på førehand. Støtte i form av lån skal bereknast på grunnlag av gjeldande marknadsrente på det tidspunktet støtta vart gjeven. Marknadsrenta i denne samanhengen svarer til referanserenta som ESA årleg publiserer på heimesidene sine. Avhengig av kva ytterlegare eksponering fylkeskommunen får, må renta aukast skjønnsmessig. I dette tilfelle gjeld støtta rentefritak for eit lån som er gitt til eit selskap i ein vanskeleg situasjon. Den høge risikoen tilseier at renta må settast høgt; til dømes ein stad mellom 5 og 10%. 10 % rente utgjer kr 300 000 per år. Vi er likevel godt innanfor grensa for bagatellmessig støtte.

Det er knytt nokre ytterlegare vilkår for å kunne gje bagatellmessig støtte. Fylkeskommunen må m.a. skriftleg informere støttemottakar om at det er bagatellmessig støtte ein yter, og kor stor summen er. Vidare må det refererast til regelverket, og fylkeskommunen må krevje skriftleg stadfesting frå støttemottakar om ev. anna bagatellmessig støtte føretaket har fått.

5. Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til at fylkeskommunen utvidar det rente- og avdragsfrie lånet på 1 mill. kr med 2 mill. kr, med gjeldande vilkår. Finansiering av utvidinga av lånet må innarbeidast i budsjett 2019 i samband med tertialrapport 2/19. Fylkesrådmannen rår vidare til at det samla rente- og avdragsfrie lånet på 3 mill. kr gjeld fram til 31.12.2021. Fylkesrådmannen rår til at lånet vert krevd tilbakebetalt, dersom fartøyet vert seld før denne tid.